



Vår referanse

Dykker referanse

Sakshandsamar  
Andreas Chr. Nørve

Dato  
22.01.2024

## **Førespurnad om tilbod på juridiske tenester**

### **Om konkuransen**

Konkurransen gjennomførast i samsvar med lov om offentlege anskaffingar av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlege anskaffingar (FOA) FOR-2016-08-12-974 del I, samt dei føresegn som kjem fram av dette konkurransegrunnlaget.

Det planleggast i utgangspunktet ikkje å gjennomføre forhandling for dette innkjøpet, men avklaring/forhandling vil gjerast i den grad det er nødvendig for å få eit godt resultat og samanliknbare tilbod.

Denne førespurnaden sendast til et utval leverandørar i marknaden. Innkjøpet skal regulerast av vedlagte avtalevilkår.

Dersom leverandør finn at tilbodsførespurnaden ikkje gir tilstrekkeleg vegleiing, kan ein skriftlegge om tilleggsopplysningar frå oppdragsgivars oppdragsgivars kontaktperson.

### **Krav til leverandøren**

Oppdragsgivars stiller krav til kvalifikasjonane til leverandøren. Kvalifikasjonskrav er minimumskrav til leverandør. Kvalifikasjonane vil bli vurdert ut frå innlevert dokumentasjon, med mindre anna er spesifisert i kravet.

### **Kravspesifikasjon**

Vanylven kommune ønskjer å inngå avtale om juridisk bistand. Avtalen omfattar ikkje saker etter lov om barnevern. Avtalen omfattar til dømes tenester rundt avtalerettslegeforhold, her under bistand i samband med gjennomføring av eventuelle ekspropriasjonssaker eller avtaleskjønn.

Vanylven kommune ønskjer vidare å inngå avtale om juridisk rådgiving i personalsaker, der vi det blir nytta møterom for heile dagar på rådhuset i Vanylven. Kommunedirektøren bestiller desse dagane og koordinerer desse dagane for dei andre sektorane i kommunen.

Kommunen ønskjer også å inngå avtale om juridisk opplæring av folkevalde og leiarar i kommunen og dette vil vere som heile eller halve dagar – og skal gjennomførast på rådhuset, kommunal eining og/eller kommunestyresalen.



# VANYLVEN KOMMUNE

## Kommunedirektør

I tillegg ønskjer Vanylven kommune å inngå avtale med ekstern representant for mottak av varsel om kritikkverdige forhold i verksemda iht. AML § 2 A-1. Dette inkluderer mottak, vurdering, forslag til behandling og rådgjeving. Det skal leggast til rette for anonym varsling i både mottak og vidare behandling av varselet. Ordninga må til ei kvar tid oppfylle gjeldande lovgiving om teieplikt og personvern. Faktaundersøkingar og granskinger er ikkje ein del av oppdraget, men kan bli aktuelt i spesielle tilfelle.

Oppdragsgjevar forbeheld seg retten til å gå utanom avtalen på juridiske tenester som skildra anskaffingsforskrifta § 2-4 første ledd bokstav d.

### Beskriving av antatt omfang:

- Vanylven kommune estimerer eit behov for juridisk rådgiving på om lag 100 t. per år.
- Vanylven kommune estimerer eit behov for 4 heile dagar i året som personalstøtte
- Vanylven kommune estimerer eit behov for 6 heile dagar i året for juridisk opplæring for politiske utval og kommunens leiargruppe
- Vanylven kommune estimerer eit omfang på varslingssaker på om lag 2 i året.

Når det gjeld personalstøtte og juridisk opplæring så skal dette gjennomførast i Vanylven kommune og vil vanlegvis vere i tidsrommet frå kl 09:00 – 15:00.

MÅ-krav	Bekreftast av tilbydar
Avtalepart skal handtere varsel i samsvar med prinsipp om habilitet, saksgang, kontradiksjon og dokumentasjon. Må bekreftast.	
Leverandør skal etablere og drifte ei varslingsløysing som tek vare på moglegheit for anonym varsling overfor kommunen ved ønskje om dette. Må bekreftast.	
Varslingsløysinga skal vere operativ heile døgnet, og innkomne varsel skal registrerast seinast påfølgjande kvardag, og stadfesting av mottatt varsel skal bli gitt. Innkomne varsel varslast vidare til Vanylven kommune seinast påfølgjande kvardag. Må bekreftast.	
Når det gjeld mottak av varsel, vidareformidling og enkel rådgiving vert det forutsett at dette vert gjennomført med tidsforbruk på inntil 2 timer. Dersom leverandør må arbeide vidare med varselet skal dette avtalast skriftleg for kvar enkelt sak. Må bekreftast.	

### Kvalifikasjonskrav

Det kan ikkje takast atterhald mot kvalifikasjonskrav.

Kvalifikasjonskrav	Dokumentasjonskrav
Leverandør må ha ordna forhold med omsyn til betaling av skatt, arbeidsgivaravgift og meirverdiavgift i samsvar med lov.	Attest for skatt og meirverdiavgift (ikkje eldre enn 6 månadar rekna frå tilbodsfrist). Eventuelle restansar eller andre mislegheitar må grunngjevast.
Databehandlaravtale Det skal inngåast databehandlaravtale mellom leverandør (databehandlar) og oppdragsgivar (behandlingsansvarleg).	



### Tildelingskriterium

Krav som ligg til grunn for val av leverandør

Kriteria	Dokumenterast ved	Respons frå tilbydar
Pris	<p>Pristilbod frå leverandør på juridiske rådgivingstenester. Systemkostnaden på varslingssystem skal vere inkludert i timeprisen.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Timepris advokat ekskl.mva.</li><li>• Timepris advokatfullmektig ekskl.mva.</li></ul>	
Kvalitet	<p>Med kvalitet meiner ein her korleis ein vil løyse oppdraget, responstid, kompetansen til medarbeidarane, erfaring og tilgjengelegheit.</p> <p>Leverandør skal etablere og drifte ei elektronisk varslingsløysing. Teknisk løysing skal gi moglegheit for anonym varsling ved ønske om dette. Beskriv korleis ein vil løyse dette.</p> <p>Tilbyder skal beskrive responstid. Vi ber om at følgjande beskrivast:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kor raskt oppdragsgivar kan komme i kontakt med aktuell ressursperson i pågåande saker.</li><li>• Kor raskt oppdragsgivar kan få ei vurdering av et problemkompleks i undersøkingsfasen.</li></ul> <p>Dokumentasjon på kompetanse som vil vere tilgjengeleg for oppdragsgivar:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Liste over aktuelle sakstypar tilbydar har kompetanse innanfor.</li><li>• Relevant erfaring i liknande oppdrag siste 5 år.</li><li>• Tal oppdrag</li></ul>	



	<p>Eksempel på ønskja kompetanse er varslingssaker, avtalerettslege forhold, her under bistand i samband med gjennomføring av eventuelle ekspropriasjonssaker eller avtaleskjøn.</p> <p>Vanylven kommune <u>ønskjer</u> at nynorsk som målform vertny nyttar. Beskriv korleis ein vil løyse dette.</p>	
--	--	--

#### Val av tilbod

Val av leverandør vil bli gjort etter ei vurdering av pris og kvalitet, der kvalitet vil bli tillagt mestvekt.

Ved evaluering av tilboda vil det innanfor tildelingskriterium kvalitet bli gitt poeng på en skala frå 0-10. Beste tilbod innanfor eit kriterium vil bli gitt 10 poeng, medan det blir gitt poeng somgjenspeilar forskjellane i tilboda nedover for øvrige tilbod.

For tildelingskriterium pris vil beste tilbod tildelast 10 poeng. Pris tilsvarende 1,5 gongar bestetilbod blir gitt 1 poeng. Poeng vil bli gradert i samsvar med denne skala. Det blir ikkje gitt negative poeng.

#### Innlevering av tilbod, format og innhold

Minimumskrava må bekreftast. Om det er behov for dokumentasjon eller beskriving, er dette angitt i tabellen.

Evalueringsskrava svarast ut punktvis iht oppsett i tabell «evalueringskrav» Tilboden skal være gyldig i minimum 30 dagar etter tilbodsfrist – tilbodsfristen er 22. februar 2024.

Tilbod sendast [postmottak@vanylven.kommune.no](mailto:postmottak@vanylven.kommune.no) innan tilbodsfrist

Med helsing

Andreas Chr. Nørve  
kommunedirektør

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Vedlegg  
240122 Databehandleravtale  
240122 Eigenerklæring  
240122 Standard kontraktsvilkår

---

Vanylven kommune  
Rådhusvegen 1  
6143 Fiskå

[www.vanylven.kommune.no](http://www.vanylven.kommune.no)  
postmottak@vanylven.kommune.no

Sentralbord: 700 30 000  
Org. nr: 964 978 662  
Kontonr: 3972.07.00151